



Laurdag arrangerte Barnas Turlag den årlege orreleiken på Storhaug i Uskedalen. 10 ungar og like mange vaksne hadde pakka sovepose, kikkert og kamera for å få oppleve orrfugl på nært hald i vårens kátaste eventyr.



(Foto: Gunn-Bente Stølen, Grenda)

Turen starta med motorisert hjelp opp lia til Hauglandsfjellet. Her venta dagen og fjellet, og turengjekk over hei og bleike myr mot Storhaug og leirplassen. Blant deltakarane var det ungar frå fire til tretten år, og frå dei yngste kom det mange spørsmål om orrfugl som skulle krov eit svar: kvar er han om dagen? Kva et han? Kvifor slost dei om kjærastane, er det ikkje ein til kvar? Dei vaksne svara så godt og sant, eller i det minste halvsant, dei kunne.





(Foto: Gunn-Bente Stølen, Grenda)

Nokre av ungane lurte på om ikkje orrfuglen vert uroa av at vi ligg og spionerar på han. Dette er eit spørsmål som også Barnas Turlag er opptekne av, og før åretstur hadde turleiarane undersøkt med fagfolk nettopp dette: kan det vere uheldig for fuglen at vi driv og spionerar på den under paringsleiken? Det er ingenting som tyder på at dette har negativ innverknad på fuglen, verken når det gjeldtalet på fuglar involverte i spelet eller i intensiteten i spelet. Når ein vitjar ein orreleik, er det viktig å vere tilstades på fuglen sine premisser, ein må slå opp teltet i tilstrekkeleg avstand frå speleplassen, ein må hugse å tisse før ein kryp i soveposen, og ein må vere roleg. Etter at lavvoane var oppe og middagen fortært, var det berre å vente på fuglane. Når sola sank ned bak Hovlandsnuten, var det ro i leiren, med tjue par spente augo stirrande frå under teltduken. Kjem han snart? No var det berre tillete med kviskring, noko som vart akseptert også av dei minste ungane.

Erfaringa frå tidlegare år har vore at fuglen kjem fykande nokre rundar over speleplassen, så sit den ei lita stund i tretoppene i kring, før den landar på myra. I år var mønsteret noko anna, omtrent samstundes kom fire-fem orrhanar fykande og landa rett på myra. Så er spelet igong! Fleire fuglar kjem til, og no fresar og kurrar det på kvar ei tue rundt telta.

Fugl mot fugl, hane mot hane, mann mot mann. Først nokre innleiande rundar der dei bevegar seg truande mot kvarandre, så brakar dei saman så fjørafyk. Frå små gliper i teltopningane stirrar store barneauge mot dette merkelege som føregår der ute på myra. Her får små gutar verkeleg lære korleis ein skal imponere damene! Etter at myrkret sig på er det vanskelegare å sjå, og ungane fell i søvn, ein etter ein. Så vert det til slutt stille på myra også, etter to timar med kamp og leven.

Klokka fire om morgonen var fuglen igong med meir spel, han treng ikkje mykje kvile. På morgonkvisten kom det tilmed ei orrhøne og landa mellom kamphanane, dette roa ikkje akkurat gemyttane på myra. Til tross for at fleire haukar suste forbi i lufta like over dei, heldt dei kampen gåande til det lysna av dag.

Barnas turlag sin orreleik passar ikkje for folk som likar å strekkje seg om morgonen, allereie klokka halv åtte sat folk kring frukostbålet og delte nattlege opplevingar med kvarandre. Til tross for ei kald natt, med under fem kuldegrader, var alle ved godt mot, og alle var mykje rikare på opplevingar og innsikt i ein viktig del av ein orrfugl sitt liv. Eit viktig mål for Barnas Turlag er å gje ungar kunnskap om ansvarleg bruk av naturen og respekt for alt levande.

Å døme etter samtalanene kring frukostbålet, tyder mykje på at målet vart nådd på denne turen.

Av Bjørn Olav Tveit